



## Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Johannes Tubbene - 57655823

Vår referanse:  
2014/019722-008

Dykkar referanse:

Vår dato:  
24.02.2014

### Fylkesvegtunnelar i Sogn og Fjordane Høyringsbrev framlegg til særskilt fartsgrense

På bakgrunn av brannen i Gudvangstunnelen E16 hausten 2013 har vi gått gjennom tunnelane på riks- og fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane på nytt med tanke på trafikktryggleiken.

I (risiko-)vurderinga har vi lagt mest vekt på at låge tunnelar med liten breidde har eit potensiale for møteulykker med dei konsekvensane det kan få. Det er i tillegg teke omsyn til trafikkmengde, andel tunge køyretøy, kurvatur og stigning fordi det påverkar risikoen for at det skal skje ei ulykke. Omfanget av utrustning i tunnelen har også betydning, fordi det kan ha noko å seie for konsekvensane ei ulykke kan få.

Når det gjeld tunnelar over 5 km er Vegdirektoratet i gang med ein gjennomgang av retningslinjer, og vi vil avvente desse. Dette er og tunnelar som har breidde og høgde større enn dei tunnelane som er føreslege tiltak i her.

Ut frå vurderinga vår peikar følgjande 12 tunnelar seg ut som aktuelle for risikoreducerande tiltak:

#### *E39 Lotetunnelen*

Tunnelen er smal (vegbreidde 5,5 meter) og låg (høgde 4,0 meter) I tillegg er det ein skarp kurve i eine enden og til dels sterk stigning. Fartsnivået er truleg høgt sidan tunnelen ligg nær ein ferjestrekning. Det manglar havarilommer. Tunnelen er elles godt utstyrt, men manglar radiokommunikasjon.

#### *Rv. 15 Strynefjellstunnelane (Oppljostunnelen, Grasdalstunnelen og Ospelitunnelen)*

Desse tunnelane er smale (vegbreidde 5,0 – 5,1 – 5,3 meter) og låge (høgde 4,0 meter). Kurvaturen er god, men Grasdalstunnelen har relativt sterk stigning (50 ‰). Trafikken er relativt beskjeden, særleg om vinteren (ÅDT 800), men andelen av tunge køyretøy er høg (26 ‰). Det manglar havarilommer og snunisjar. Tunnelane er godt utstyrt, men det manglar radiokommunikasjon. Det er til dels lang utrykningsveg for naudetatane. Avstanden mellom tunnelane er relativt kort, og det bør derfor vere ei samanhengande fartssone.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Skrivarvegen 3, Tinghus III  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

*Fv. 50 Nesbøtunnelen, Berdalstunnelen, Stondalstunnelen, Lange 2 tunnelen og Vassbygdtunnelen*

Desse tunnelane er smale (vegbreidde 5,0 meter) og låge (høgde 4,0 meter). Alle har til dels skarpe kurver, enten i inngangen eller som lang vendekurve. Lange 2 tunnelen har i tillegg svært sterk stigning (93 ‰). Trafikken er låg (ÅDT 350, ÅDT 700 i Vassbygdtunnelen). Dei manglar havarilommer. Tunnelane har naudstasjonar, men ikkje naudtelefonar. Det manglar ventilasjon. Alle har mobilsamband, men det manglar radiokommunikasjon. Det er til dels lang utrykningsveg for naudetatane. Det er såpass lang strekning mellom tunnelane at dei bør skiltast kvar for seg.

*Fv. 55 Røneidstunnelen*

Tunnelen er smal (vegbreidde 5,5 meter) og låg (høgde 4,0 meter). Den har til dels skarp kurvatur. Trafikken er høg (ÅDT 2 100). Tunnelen manglar havarilommer. Den har naudstasjonar, men ikkje naudtelefonar. Det manglar ventilasjon (ikkje krav). I tunnelen er det mobilsamband, men ikkje radiosamband.

*Fv. 614 Magnhildskartunnelen*

Tunnelen er smal (vegbreidde 5,8 meter) og låg (høgde 4,0 meter). Det er tre skarpe kurver inne i tunnelen, i tillegg til ein i nordenden. Stigninga er sterk (50 ‰). Trafikken er låg (ÅDT 550). I tunnelen er det havarilommer, naudstasjonar og ventilasjon, men det manglar radiokommunikasjon og mobilsamband.

*Fv. 614 Isetunnelen*

Tunnelen er smal (vegbreidde 5,4 meter) og har tilfredsstillande høgde (4,2 meter). Den har skarp kurvatur i eine enden. Trafikken er låg (ÅDT 400), medan tungtrafikkandelen er høg (16 ‰). Tunnelen manglar havarilommer. Den har naudstasjonar, men manglar radiokommunikasjon og mobilsamband. Det er lang utrykningsveg for naudetatane.

Risikoreducerande tiltak:

Vi meiner redusert fartsgrense er det mest aktuelle strakstiltaket for å redusera risikoen for ulukke. Strukturelle tiltak i tunnelane vil vera langsiktige.

**Med dette som utgangspunkt gjer vi framlegg om å innføra særskilt fartsgrense 70 km/t i dei 12 tunnelane som er nemnde ovanfor.**

70 km/t fartsgrensene er likevel å sjå på som midlertidige i påvente av utbetring av tunnelane, og kan derfor bli endra seinare.

Når det gjeld tunnelane på riksveg 15 i Stryn; Oppljostunnelen, Grasdalstunnelen og Ospelitunnelen så er det korte avstandar mellom tunnelane, høvesvis om lag 440 m mellom Oppljostunnelen og Grasdalstunnelen, og om lag 450 m mellom Grasdalstunnelen og Ospelitunnelen. Vi tilrår difor fartsgrense 70 km/t også mellom tunnelane.


Etter skilteforskrifta § 26 nr. 1, andre og tredje ledd er regionvegkontoret vedtaksmyndigheit for fartsgrenser på riks- og fylkesveg. Høyringsinstansane i saka er Sogn og Fjordane politidistrikt, Sogn og Fjordane fylkeskommune, samt kommunen.

På bakgrunn av framlegget vårt og høyringsinstansane sin uttale, vil regionvegkontoret gjera endeleg vedtak i saka.

Vi ber med dette om Sogn og Fjordane fylkeskommune si fråsegn i saka. Vi ber om fråsegn snarast, - og innan 31. mars 2014.

Vegavdeling Sogn og Fjordane  
Med helsing

  
Magna Vangsnes  
seksjonsleiar

  
Johannes Tubbene